

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 430, TI - &30	15/2983

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
17/2015	Administrasjonsutvalet	PS	02.12.2015

Prolongering av kompetanseutviklingsplanen - strategisk del

Saksopplysningar:

Meland kommune sin kompetanseutviklingsplan har hatt to delar, ein strategisk del og ein tiltaksdel. Den strategiske delen vart vedtatt i administrasjonsutvalet 24.08.11, sak 042/11 og har hatt eit tidsperspektiv på 4 år (2012 – 2015). Tiltaksplanane vert utarbeidde for eit år om gongen, på kvart tenestemråde.

I 2015 skulle arbeidet med å utvikle ein ny strategisk del vore tatt opp. Av kapasitetsmessige årsaker har dette ikkje vore mogleg, og administrasjonen vi difor rå til at denne delen av kompetanseutviklingsplanen vert prolongert med eitt år, slik at det for 2016 vert laga tiltaksplanar med tilsvarande utgangspunkt som i perioden 2012 – 2015. Fleire av dei 8 fokusområda i gjeldande plan vil framleis vere relevante, og nokre av dei vil truleg uansett følgje med over i ein ny strategisk del.

Oversyn fokusområde i gjeldande plan:

1. Leiaropplæring
2. Avgang – korleis erstatte kompetanse?
3. Kompetanseutvikling IKT
4. Juridisk og økonomisk kompetanse
5. Tilpassing til samhandlingsreforma og nye helselover
6. Fagutdanning og spesialkompetanse
7. Generell kompetanseheving
8. Norskopplæring for utanlandsk arbeidskraft

Så langt har undervisningspersonalet hatt eigne planar; dette mykje med bakgrunn i særskilte nasjonale føringar og finansieringsopplegg. Det vil likevel vere ein føremon å samle all kompetanseutvikling i kommunen i det same planverket, og det vil difor bli lagt opp til dette i ny strategisk del.

Folkehelse, miljø og økonomi: Ikkje relevant for saka.

Konklusjon

Med bakgrunn i dei momenta som det er gjort greie for i saksutgreiinga vil administrasjonen rå til at

den strategiske delen av kompetanseutviklingsplanen vert prolongert for eitt år, dvs. ut 2016. Tiltaksplanane for 2016 vil då bli laga med utgangspunkt i gjeldande plan. Arbeidet med å utarbeide ny utgåve av den strategiske delen av kompetanseutviklingsplanen må starte tidleg i 2016, slik at denne kan danne grunnlag for tiltaksplanar f.o.m. 2017.

Framlegg til vedtak:

Kompetanseutviklingsplan for Meland kommune, strategisk del, vert prolongert til å gjelde ut 2016.

Administrasjonsutvalet - 17/2015

ADM - behandling:

ADM - vedtak:

"Kompetanseutviklingsplan for Meland kommune, strategisk del, vert prolongert til å gjelde ut 2016."
"